

Marie Ulveseth
Anna Elen Ulveseth Solland
Malene Ulveseth Solland
Kjetil Solland
Orresteinen 36
5916 Isdalstø

Dato : 31.07.2019

Lindås kommune
Plan- og miljøutvalet
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Saksnummer 2014/5177

Me vil her kome med vårt innspel til Områdereguleringsplan for Lonena..


Me ser med uro på denne planlagde utbygginga då det vil rasere eit mykje brukt friluftsområde og øydeleggje leveplassen til mange fuglar og dyr. Me vil med dette innspelet påpeike kva for negative konsekvensar denne planlagde utbygginga vil ha for dette fantastiske naturområdet. Vårt mål er å få Lindås kommune og utbyggarar til å ta omsyn til dette i den endelige planen som skal setjast i verk:

1. Bevare Lonena med tilhøyrande naturmangfald. NB! Raudlisteartar
2. Bevare Brekkeløypa som eit skjerma frilufts- og rekreasjonsområde.
3. Bevare allmenn tilkomst til naturstiane og bevare naturstiane i utbyggingsområdet slik at det også i framtida er mogeleg å gå til ma. Gamleskulen, Indregardsfjellet, Gladihaug og Isdal frå fleire utgangspunkt.
4. Evt. bustadar må utformast i høve til området.

Friluftsliv har som kjent mange positive effektar. I Sintef sin rapport «[Analyse og dokumentasjon av friluftslivets effekt på folkehelse og livskvalitet](#)»¹ heiter det m.a.: "Fysisk aktivitet og friluftsliv har gunstig effekt på helsen for forebygging av hjerte-karsykdommer og bedrer livskvaliteten. Utendørs fysisk aktivitet har også gunstig effekt for forebygging av astma hos barn, det kan redusere risiko for Alzheimers demens, hjerteinfarkt og kreft. Det å oppholde seg i natur har stressreduserende effekt." Vidare heiter det i same rapport: "I følge våre beregninger vil en økning i friluftsaktiviteter ha en betydelig, selvstendig samfunnsøkonomisk verdi, både i form av rekreasjonsverdi og i form av reduserte kostnader

¹ <https://www.sintef.no/publikasjoner/publikasjon/?pubid=SINTEF+A11851>

til helsetjenester og til sykefravær». I figur 1 nedanfor kan ein sjå nokre døme på talfesting av den samfunnssnytten friluftsliv gjev.



Figur 1 Døme på samfunnssnytten av fysisk aktivitet
(Kjelde: <http://www.norskfriluftsliv.no/regjeringsforhandlerne-fikk-milliardsjekk-fra-friluftslivet/>)

Lonena er svært mykje brukt i dag av veldig mange ulike bruksgrupper. Det er eit nærfriluftsområde og eit lågterskeltilbod som også når grupper som ikkje er så lett å nå ut til med andre tilbod. Lonena og naturstiane rundt blir også brukt av aktive idrettsutøvarar på ulike nivå.

- Vanlig turgåing og trim for folk i alle aldrar. I Brekkeløypa er det alltid folk – uansett ver og vind
- Nærområde til to barnehagar, Juvikstolen barnehage og Knarvik barnehage. Brekkeløype passer til alle alderstrinn frå dei som treng barnevogn til dei som spring sjølv. Her er det trafikksikkert og dei er tett på naturen. Dei eldste barnehagegruppene brukar også Brekkeløypa som utgangspunkt til alle naturstiane som er i området td. mot Gamleskulen.
- Knarvik Barneskule brukar Brekkeløypa og området rundt til uteskule der dei kombinerer ma. fysisk aktivitet og naturfag med mulighet for å studere dyre- og fugleliv i våtmarksområde. Om vinteren er aking i Brekkeløypa ein mykje brukt aktivitet
- Knarvik ungdomskule nyttar Brekkeløypa i gymtimar og i naturfagundervisninga. I periodar nyttar elevane Brekkeløypa i storfriminuttet. Grusvegen er særskilt godt til gange og jogging då det ellers er asfalt på gang og sykkelvegane.
- Elevane frå Knarvik vidaregåande skule brukar Brekkeløypa til fysisk aktivitet.

- Brekkeløpa har ein stor fordel då den ligg skjerma frå trafikken og er utan innsyn frå bustader. Dette gjer at området blir brukt til mental rekreasjon.
- Folk som nyttar rullestol eller rullator kan også nytte Brekkeløypa. Her er ein midt i naturen og kan oppleve eit mangfald sjølv om ein ikkje har muligkeit til å ferdast i ulendt terreng.
- Ikkje trafikkfarleg, kan lære å sykle her
- BKK-bakken, som også har lys, er ein populær akebakke om vinteren. Dette er ein av få akebakkar sentralt i Knarvik som ikkje er trafikkfarleg. Barn, ungdommar og vaksne frå Knarvik er ivrige brukarar av bakken frå første snødag.
- Brekkeløypa vert også brukt av tilreisande frå bygdene omkring. Dei er i kommunesenteret Knarvik og handlar og legg ein tur innom Brekkeløypa før dei går heim att.
- Brekkeløypa ligg tett ved dei kommunale idrettsanlegga; Knarvik stadion, Nordhordlandshallen, kunstgrasbanene og grusbanen. Ma. handball-, fotball-, friidretts- og skigruppa nyttar Brekkeløypa til oppvarming og trening.
- Lufting av hundar
- Lågterskeltilbod – hadde ikkje Brekkeløypa vore der så lett tilgjengelig, så hadde det ikkje vorte noko tur den dagen: «Rakk ikkje å trimme i dag, kun nokre runder i Brekkeløypa»

Brekkeløypa og området rundt er i dag eit svært godt innarbeid og lett tilgjengelig nærfriluftsområde for Knarvik og omegn. Dette sparer samfunnet og Lindås kommune for mykje pengar kvar einaste dag – den reinaste pengemaskina. Derfor må det også vere i politikarane si interesse å ta vare på dette unike området.

Ein av hovudgrunnene til at Lonena er så populær er nok den flotte, rike naturen dei er ein del av. Her er det eit rikt naturmangfald. Me er svært bekymra for korleis ei slik utbygging vil påverke det rike dyre- og fuglelivet som lever i det aktuelle utbyggingsområdet. I Lonena finst det t.d. aure og rumperoll. Om auren kan ein lese meir på [Endre Hopland sin blogg](#)². Av artskart kan vi sjå at det i Lonena er observert mange raudlista fuglar - fiskemåke, gulspurv, hettemåke, bergirisk, gjøk, sandsvale, sivspurv og vipe. I området er det også sett m.a. kattugle, hoggorm, hegre, ravn og diverse ender.

Lonena er ei myr som ifølge [SABIMA](#)³ er trua natur. Myr dempar flom, lagrar karbon og gjev trekkfuglar ein stad å raste. I 2016 bestemte Stortinget at det skulle bli forbode med nydyrkning av myr og [statsbudsjettet for 2017](#)⁴ inkluderer totalt 26 625 000 millionar kroner til restaurering av myr. Ifølge SABIMA skal klimaeffekten av myrøydeleggning konsekvensutgreiast. Men det seier seg jo sjølv at det er både betre og billegare og behalde dei myrene me har som til dømes Lonena.

² <http://fiskogrask.blogspot.no/2014/12/to-vann-midt-i-strilebyen.html>


³ <https://www.sabima.no/trua-natur/myr-2/>

⁴ http://www.statsbudsjettet.no/Upload/Statsbudsjett_2017/dokumenter/pdf/budsjettavtale_klima.pdf

Me vil oppmøda politikarane til å prioritere naturen og friluftslivet i standen for ei storstilt utbygging i dette unike området. Slik området ligg i dag, leverer det tenester til Lindås kommune kvar einaste dag for minimal kostnad.

Lindås kommune har også eit ansvar for å ta vare på naturmangfaldet og det å eventuelt fjerne eit slikt myrlandskap vil frigjeve karbon som då vil bidra til den globale oppvarminga.

Kjetil Solland og Marie Ulveseth



Figur 2 Merka natursti i området.



Figur 3 På ski rundt Brekkeløypa